



## Notat

Vår referanse  
19/10518 19/10635

Dykkar referanse

Sakshandsamar  
Doris Høybakk

Dato  
13.06.2019

Til:

### **Kommunalt næringsfond -Informasjon om fylkeskommunale reglar**

På formannskapsmøtet 12.02.2019 blei to saker utsatt fordi ein var usikker på dei nye reglane for kommunalt næringsfond.

Møre og Romsdal har i brev den 28.03.17 informert om at reglane var endra. Viktigaste endringane for kommunalt næringsfond i Møre og Romsdal er :

#### **FORVALTNING OG BRUK AV KOMMUNALE NÆRINGSFOND** **Endring i retningslinjer for kommunale næringsfond**

Regional- og næringsutvalet gjorde i RN-sak 12/17, 14. mars 2017, vedtak om endring av retningslinjene for kommunale næringsfond.

Prioritering av distrikt og omstilling

Berre bedrifter og nyetablerarar kan motta støtte: Kommunalt næringsfond skal heretter berre brukast på bedriftsretta tiltak, i regi av enkeltbedrifter eller i form av nettverk mellom bedrifter. Kommunane kan ikkje lenger bruke næringsfondet til generelle, tilretteleggande nærings- og samfunnsutviklingstiltak.

Måling av tal arbeidsplassar: Alle som søker må oppgi kor mange nye arbeidsplasser tiltaket kan skape, eller bidra til å sikre. Kommunen skal rapportere dette som ein del av årsrapporteringa. Investingsstøtte kan tildelast uavhengig av sone: Det er presisert at tildeling frå næringsfondet etter EØS-regelverk for statstøtte er definert som bagatellmessig støtte. Dermed kan kommunar i sone I og II også tildele investeringsstøtte. Bedrifta har ansvar for å ikkje motta meir enn beløpsgrensa for bagatellmessig støtte.

Det at Møre og Romsdal fylke no ikkje har ytt tilskot til Ulstein kommune er fordi vi ikkje er definert som distrikt i omstilling.

I retningslinjer for kommunale retningsfond skriv Møre og Romsdal fylke:

#### **Bruk av kommunalt næringsfond**

##### **3. Mål**

Kommunale næringsfond skal brukast til å styrke nyskaping, innovasjon og næringsutvikling i Møre og Romsdal. Støtte frå næringsfondet skal gå til bedrifter og nyetablerarar som bidrar til vekst ved å skape nye arbeidsplasser. Unge, kvinner og innvandrarar skal prioriterast.

##### **4. Grunnvilkår**

Det kan gjevast støtte til bedrifter, nyetablerarar eller samarbeid mellom bedrifter. Søkar må vere registrert med organisasjonsnummer i Einingsregisteret.

Tiltak som får støtte frå næringsfondet må bidra til å skape nye, eller sikre eksisterande

arbeidsplassar.

Tiltak kan vere investering i produksjonsanlegg og utstyr, profilering og merkevarebygging, produktutvikling, kompetansehevingstiltak, marknadsundersøking, bedriftsutvikling, rådgjeving, bedriftsnettverk e.l.

Tiltak kan støttast med inntil 50 % av totale kostnader, avgrensa til maksimalt 150 000 kroner. Kommunane kan vurdere ein høgare finansieringsandel (inntil 75 %) til nyetablerarar. Eit prosjekt skal ikkje gjevast støtte over lengre tid enn 3 år.

Støtte frå kommunalt næringsfond skal ha ein utløysande effekt. Det betyr at midlane skal bidra til at tiltak som elles ikkje ville ha blitt gjennomført, blir realisert.

Kommunalt næringsfond skal supplere, ikkje erstatte, andre offentlege støtteordningar for bedrifter.

Det er lagt til grunn regelverket for 2017 fordi dette var siste tilføring av midlar frå fylket til næringsfond i Ulstein kommune. Løyvingane til dei to sakene ligg innafor tildelingskriteria med unntak av kriteriet om a tilskot skal ha ei utløysande effekt.

Med helsing

Doris Høybakk  
økonomikonsulent

Dokumenter er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

Vedlegg

Kommunalt næringsfond - regler for tildeling fra fylket  
kommunalt næringsfond



Se adresseliste

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		42235/2017/	Kim Tornes, 71 28 03 45	28.03.2017

## Tilsegn om Kommunale næringsfond 2017

Regional- og næringsutvalet gjorde i RN-sak 13/17, 14. mars 2017, vedtak om fordeling av i alt 15 millionar kroner til kommunale næringsfond. Saksframlegg og vedtak som viser tildelinga til kvar enkelt kommune er lagt ved dette brevet. Vedtaket er ikkje å rekne som enkeltvedtak etter forvaltningslova, og kan difor ikkje påklagast. Kommunen har rett til å sjå alle dokumenta i saka.

### MÅL FOR KOMMUNALE NÆRINGSFOND

Frå 2017 har kommunal- og moderniseringsdepartementet endra målstrukturen for dei regionale utviklingsmidlane. Dei nye måla legg vekt på å gjere omstilling for bedrifter lettare på kort sikt og å bygge evne til omstilling i bedrifter, næringsmiljø og lokalsamfunn på lang sikt.

Post	Mål
550.64	Inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn i områder med særlege distriktsutfordringar
553.65	Nye arbeidsplassar i område som er ramma av vesentleg reduksjon i sysselsetjinga

Dei 15 mill. kronene vi deler ut som kommunale næringsfond er fordelt på to postar: 12 mill. kroner frå distriktsretta midlar(kap.550 post 64) og 3 mill. kroner frå omstillingsmidlar (kap.553 post 65). Den nye målstrukturen inneber dirfor ei spissing i fordelinga av næringsfond mellom kommunane, der distriktskommunar og kommunar med særskilte omstillingsbehov er prioritert.

Fylkesplanen 2017-2020 har verdiskaping som eitt av fire satsingsområde. Handlingsprogram for Kompetanse og Verdiskaping 2017 har «Møre og Romsdal skal ha vekstkraftige lokalsamfunn med urbane kvalitetar, og eit internasjonalt konkurransedyktig næringsliv» som mål, og er styrande for bruken av økonomiske virkemidlar i fylket. Handlingsprogram for verdiskaping 2017 er å finne på [www.mrfylke.no](http://www.mrfylke.no).

### FORVALTNING OG BRUK AV KOMMUNALE NÆRINGSFOND

#### Endring i retningslinjer for kommunale næringsfond

Bruken av fondet må følgje retningslinjene for kommunale næringsfond vedtekne av fylkeskommunen, føringane i dette tildelingsbrevet, samt kommunane sine egne strategiske planer og retningslinjer. Regional- og næringsutvalet gjorde i RN-sak 12/17, 14. mars 2017, vedtak om endring av retningslinjene for kommunale næringsfond. Dei viktigaste endringane som er gjort nye retningslinjer for kommunalt næringsfond i Møre og Romsdal er:

- Prioritering av distrikt og omstilling
- Berre bedrifter og nyetablerarar kan motta støtte: Kommunalt næringsfond skal heretter berre brukast på bedriftsretta tiltak, i regi av enkeltbedrifter eller i form av nettverk mellom

bedrifter. Kommunane kan ikkje lenger bruke næringsfondet til generelle, tilretteleggande nærings- og samfunnsutviklingstiltak.

- Måling av tal arbeidsplassar: Alle som søker må oppgi kor mange nye arbeidsplasser tiltaket kan skape, eller bidra til å sikre. Kommunen skal rapportere dette som ein del av årsrapporteringa.
- Investingsstøtte kan tildelast uavhengig av sone: Det er presisert at tildeling frå næringsfondet etter EØS-regelverk for statstøtte er definert som bagatellmessig støtte. Dermed kan kommunar i sone I og II også tildele investeringsstøtte. Bedrifta har ansvar for å ikkje motta meir enn beløpsgrensa for bagatellmessig støtte.

#### **Forvaltning må følgje offentlege reglar**

Forvaltninga av kommunale næringsfond skal følgje Staten sitt økonomireglement og Forvaltningslova. Det er særleg viktig at ordninga blir gjort kjend, at det blir gjeve klagerett på vedtak, og at det blir skrivne tildelingsbrev. Vedtak om tildeling av næringsfond skal vere offentlege.

Kommunane kan nytte inntil 5 % av løyvinga til å delvis dekkje eigne administrasjons- og gjennomføringskostnader ved forvaltning av dei kommunale næringsfonda. Kostnadane skal vere knytt til tilsette som har ansvar for søknadsbehandling, tilskotsforvaltning, prosjektoppfølgning og rapportering. Både løn, sosiale utgifter, overhead og reisekostnader kan dekkjast. Beløp sett av til eigne gjennomføringskostnader skal registrerast i RF13.50.

#### **Frist for rapportering på bruken av 2017-midlane er 1. februar 2018.**

Vi tilrår at tilsegn vert lagt inn i forvaltningssystemet jamleg og ber om at rapporteringa via RF13.50 skjer i god tid før fristen. Ny tildeling blir ikkje innvilga før rapporten ligg føre.

Vi gjer merksam på at Møre og Romsdal fylkeskommune v/regional- og næringsavdelinga eller fylkesrevisjonen har høve til å setje i verk tiltak for å kontrollere at midlane blir brukt etter føresetnadane. Departementet og Riksrevisjonen kan også til ei kvar tid be om innsyn i bruken av midlane.

Har de spørsmål knytt til kommunale næringsfond så ta kontakt med seksjonsleiar Eivind Vartdal Ryste, [eivind.vartdal.ryste@mrfylke.no](mailto:eivind.vartdal.ryste@mrfylke.no) , tlf 71 28 02 16 eller rådgivar Kim Tornes, [kim.tornes@mrfylke.no](mailto:kim.tornes@mrfylke.no) , tlf 71 28 03 45.

Vi ønskjer lykke til i arbeidet med å utvikle attraktive og næringsvennlige kommunar!

Med helsing

Bergljot Landstad  
regional- og næringssjef

Kim Tornes  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur*

## Vedlegg

1. Vedtak RN-sak 13/17
2. Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske virkemidler
3. Retningslinjer for distrikts- og regionalpolitiske virkemidler
4. Retningslinjer for kommunale næringsfond frå Møre og Romsdal fylkeskommune

## Adresseliste

Halsa kommune  
Vanylven kommune  
Aure kommune  
Smøla kommune  
Tingvoll kommune  
Stordal kommune  
Sandøy kommune  
Sande kommune  
Vestnes kommune  
Stranda kommune  
Gjemnes kommune  
Sykkylven kommune  
Haram kommune  
Averøy kommune  
Fræna kommune  
Midsund kommune  
Herøy kommune  
Hareid kommune  
Kristiansund kommune  
Ulstein kommune

## Retningslinjer for kommunale næringsfond i Møre og Romsdal

vedtekne av Regional- og næringsutvalet 14.03.2017

### Grunnlag for tildeling av næringsfond til kommunane

#### 1. Ramme

Fylkeskommunen kan gje løyvingar til kommunale næringsfond frå dei regionale utviklingsmidla. Ramme vert fastsett i Handlingsprogram for kompetanse og verdiskaping, og regional og næringsutvalet gjer vedtak om tildeling til kommunane.

#### 2. Reglar for fordeling av ramme mellom kommunane

Kommunalt næringsfond blir tildelt kommunar i Møre og Romsdal med særlege distriktsutfordringar eller omstillingsbehov.

Fordeling av ramme til kommunane blir gjort med utgangspunkt i Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin årlege distriktsindeks. I tillegg vert det gjort skjønsmessige vurderingar basert på utviklingstrekk i demografi og næringsliv.

Årleg tildeling kan bli redusert ved manglande rapportering, bruk av midlar i strid med retningslinene eller ved lite bruk av tidlegare tildelt støtte frå næringsfondet.

Kommunar med eigne kraftfond, eller andre ekstraordinære inntekter som kan brukast til næringsutvikling, får ikkje tildelt kommunalt næringsfond.

Utbetaling blir gjort når rapport frå føregåande år er mottatt og godkjend. Kommunane skal plassere fondet på rentebærande konto. Renteinntekter skal ikkje brukast til andre formål enn kommunale næringsfond.

### Bruk av kommunalt næringsfond

#### 3. Mål

Kommunale næringsfond skal brukast til å styrke nyskaping, innovasjon og næringsutvikling i Møre og Romsdal. Støtte frå næringsfondet skal gå til bedrifter og nyetablerarar som bidrar til vekst ved å skape nye arbeidsplasser. Unge, kvinner og innvandrarar skal prioriterast.

#### 4. Grunnvilkår

Det kan gjevast støtte til bedrifter, nyetablerarar eller samarbeid mellom bedrifter. Søkar må vere registrert med organisasjonsnummer i Einingsregisteret.

Tiltak som får støtte frå næringsfondet må bidra til å skape nye, eller sikre eksisterande arbeidsplassar.

Tiltak kan vere investering i produksjonsanlegg og utstyr, profilering og merkevarebygging, produktutvikling, kompetansehevingstiltak, marknadsundersøking, bedriftsutvikling, rådgjeving, bedriftsnettverk e.l.

Tiltak kan støttast med inntil 50 % av totale kostnader, avgrensa til maksimalt 150 000 kroner. Kommunane kan vurdere ein høgare finansieringsandel (inntil 75 %) til nyetablerarar.

Eit prosjekt skal ikkje gjevast støtte over lengre tid enn 3 år.

Støtte frå kommunalt næringsfond skal ha ein utløysande effekt. Det betyr at midlane skal bidra til at tiltak som elles ikkje ville ha blitt gjennomført, blir realisert.

Kommunalt næringsfond skal supplere, ikkje erstatte, andre offentlege støtteordningar for bedrifter.

## 5. Avgrensingar

Kommunale næringsfond kan ikkje brukast til:

- Renter, avdrag og refinansiering av lån, kausjon og garantier
- Kjøp av aksjar eller investering i eigenkapital uavhengig av organisasjonsformer
- Ordinær drift av verksemder. All støtte som ikkje er knytt til konkrete utviklingsprosjekt vert sett på som driftsstøtte. I bedrifter vil dette til dømes gjelde vedlikehald og utskifting av gammalt utstyr med nytt utstyr av same type.
- Investeringar i, og ordinær drift og vedlikehald av, offentlige oppgåver.
- Tilretteleggande næringsutviklingsarbeid i regi av kommunen eller andre organisasjonar

## 6. Satsar for eigeninnsats

Ved utrekning av kapitalbehov inngår normalt reine pengeutlegg. Unntaksvis kan eigen arbeidsinnsats reknast inn i kapitalbehovet. Eigeninnsats for privatpersonar kan prissettast inntil kr.200,- pr. time.

Dersom tilskotsmottakaren er eit regnskapspliktig selskap som bruker egne tilsette i form av eige arbeid, må selskapet kostnadsføre eigeninnsatsen i regnskapet for at det skal kunne vere del av godkjent kostnadsgrunnlag. I slike tilfelle skal eigeninnsatsen prissettast til 1,2 promille av årslønn, maks kr.600,- pr. time.

Det skal førast timeliste for dokumentasjon.

## Forvaltning av næringsfond i kommunane

### 7. Styrende dokument

Lokale strategiar for næringsutvikling skal ligge til grunn for kommunen sin bruk av næringsfondet. Kommunane kan utarbeide lokale retningslinjer for kommunalt næringsfond.

### 8. Forvaltingsansvar

Kommunen har vedtaksmynde, men kan delegere forvaltningsansvaret til ein annan forvaltar. Då må kommunen utarbeide oppdragsbrev eller avtale som inneheld vilkår for forvaltning av fondet. Slik avtale skal godkjennast av fylkeskommunen.

### 9. Regelverk for statstøtte

Tilskot frå kommunale næringsfond er rekna som bagatellmessig støtte etter EØS-regelverket. Ei bedrift kan motta maksimalt 200.000 euro bagatellmessig støtte over ein rullerande treårs periode. Det er bedrifta sitt ansvar å oppgi tidlegare mottatt bagatellstøtte i søknaden.

## 10. Kunngjering

Høve til å søkje støtte frå kommunalt næringsfond skal kunngjerast. Kunngjeringa må opplyse om målgruppe, formålet med ordninga, tildelingskriterium, kva opplysningar som trengst i søknaden og eventuell søknadsfrist.

## 11. Søknad

Kommunale næringsfond kan berre tildelast på grunnlag av søknad. Kommunane skal motta og behandle alle søknader i søknadsportalen [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no).

## 12. Tildelingsbrev

Avgjersle om tildeling av tilskot skal vere skriftlig dokumentert, ved eit tildelingsbrev skal sendast kvar enkelt tilskotsmottakar. Tildelingsbrev skal innehalde:

- Formål, dvs. kva tiltak tilskotet skal brukast til
- Tilskotsbeløp
- Utbetalingsvilkår
- Vilkår for bruken av tilskotet og eventuell frist for mottakar til å akseptere vilkåra
- Krav til rapportering
- Informasjon om kontrolltiltak som kan bli iverksett
- Moglege reaksjonsformer dersom mottakar ikkje opptre i samsvar med forutsetningane for tilskotet
- Informasjon om klagerett

Tilskotsmottakar skal skriftleg akseptere at tilskotet er mottatt med dei vilkåra som gjeld.

## 13. Klagerett

Vedtak om kommunale næringsfond er enkeltvedtak, og kan klagast på etter kommunelova §29 og forvaltningslova §28. Klage skal behandlast av kommunen sitt klageorgan.

## 14. Utbetaling

Tilskotsmottakar skal føre separat regnskap for bruken av tilskotet. Sluttutbetaling skal i utgangspunkt skje etterskotsvis mot rapport og regnskap. Kommunane kan vurdere vilkår for delutbetalingar men det skal ikkje betalast ut meir enn 75% av tilskotet før prosjektet er avslutta og sluttrapport godkjent.

For tilskot over kr.100.000 vert det krevd revisorattestert regnskap og prosjektrapport.

Tilskotsmottakar som ikkje er revisjonspliktig kan få regnskapet stadfesta av autorisert regnskapsfører. Kommunane kan vurdere om det krevst attest frå revisor/autorisert regnskapsfører for tilsegn under kr.100.000.

## 15. Oppfølging og kontroll

For å sikre korrekt saksbehandling ved tildeling og utbetaling av tilskot, skal dei som forvaltar tilskot ha etablert system, rutinar og tiltak som skal førebygge, avdekke og korrigere feil og manglar, jfr §14 Intern kontroll i Reglement for økonomistyring i staten og kapittel 6 forvaltning av tilskotsordningar i bestemmelser om økonomistyring i staten.



## **16. Rapportering til fylkeskommune og KMD**

Kommunen skal rapportere om bruken av næringsfond via [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no) . Kommunen må rapportere kor mange nye arbeidsplassar kommunalt næringsfond har ført til. Rapporteringsfristen 01. februar påfølgande år.

## **17. Andre vilkår**

Kommunane, eller den kommunen har gitt forvaltningsansvaret, kan bruke inntil 5 % av årets løyving til å dekke kostnader ved forvaltning av kommunale næringsfond.

Det kan ikkje gjevast tilsegn utover det som til ei kvar tid står på fondet. Det er ikkje lov å gi tilsagn basert på neste års bevilgning fra fylkeskommune. Kommunane kan skyte egne midlar inn fondet.



## Saksframlegg

--	--	--

### Kjeveortopedane AS Stønad - næringsfond

#### Samandrag:

Søknad frå Kjeveortopedane AS som ynskjer å etablere avdelingskontor i Ulsteinvik. Dei vil halde til i same lokalar som Nordvestklinikken as.

Bakgrunn for å etablere avdeling i Ulsteinvik er at det frå Ulstein Næringsforum har vært eit ynskjer om slik etablering.

#### Rådmannen si tilråding:

Næringsfondet har ikkje store midlar til rådigheit og vil ikkje kunne innfri søknad om støtte på kr. 150 000.- Men då ein ser at dette kan være ei viktig etablering i Ulsteinvik vil ein prøve å yte 50 % av kr. 150 000.- som vil være kr. 75.000.- i støtte.

**Saksopplysningar:**

Søknad frå Kjeveortopedane AS. Dei ynskjer å starte opp i Ulsteinvik med kontor i same lokala der Nordvestklinikken held til.

Det har vært omtala i pressa at det er ynskjeleg med slik etablering i Ulsteinvik.

**Vurdering og konklusjon:**

Eit slikt tilbod er ynskja i Ulsteinvik då dette ikkje fins her frå før. Dei har i dag kontor i Ørsta.

Når dei no ynskjer å etablere seg her skulle ein tru at dei kjenner til kundegrunnlaget her.

Mange frå ytre søre drar i dag til Ørsta for slik behandling.

Det er positivt at dette blir etablert her ute då det nok er mange born som har regulering og dette vil spare dei og foreldra for å reise til Ørsta.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Konsekvensar for folkehelsa:

Miljøkonsekvensar:

Økonomiske konsekvensar:

Beredskapsmessige konsekvensar:

Konsekvensar for barn og unge:

<Verner Larsen>

<Rådmann >

Doris Høybakk

økonomikonsulent

## Søknad - Bedriftsrettet-/etablererstøtte

**Prosjektnavn**

Kjeveortoped avdeling Ulsteinvik

**Kontaktopplysninger**

Prosjektansvarlig/ -eier: Kjeveortopedane AS		Kontaktperson: Marit Ramsli Gjethammer	
Adresse: -		Postnr.: 6100	Poststed: VOLDA
Mobil: 41235937	Telefon: 70048090	Telefon arbeid: 70048090	
E-post: mgjethammer@gmail.com		Bankkonto: 39920621671	
Organisasjonsnummer: 945849673			

**Prosjektinformasjon****Type virksomhet / type støttemottaker**

Kjeveortoped

**Forretningside / mål og innhold med prosjektet**

Ulstein Næringsforum la ut eit innlegg der det stod at det var ønske om kjeveortoped i Ulsteinvik.

Vi driver i dag kjeveortopedklinikk i Ørsta, og tenker å opprette eit avdelingskontor i Ulsteinvik. Dette vil bli i Nordvestklinikk sine lokaler på Stålhaugen 7.

Å ha eit avdelingskontor i Ulsteinvik betyr at vi kan tilby all form for tannregulering på barn, ungdom og voksne. Dette vil bety kortare reiseveg for pasientane, mindre krav om fri frå arbeid for foresatte, og enklare logistikk.

**Eiersammensetning / deltakere i prosjektet utover støttemottaker**

Marit Ramsli Gjethammer

Ingrid Beddari

**Kostnadsplan og finansieringsplan****Kostnadsplan**

Tittel	SUM
01.Prosjektkostnader	200 000
02.Tannlegestol/unit x 2 a kr 250 000 kr	500 000
03.Markedsføring	150 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>850 000</b>

**Finansieringsplan**

<b>Tittel</b>	<b>SUM</b>
01.Tilskudd fra næringsfondet	150 000
02.Lån i bank	600 000
03.Egenkapital	100 000
04.Eget arbeid	0
05.Andre finansieringskilder	0
<b>Sum finansiering</b>	<b>850 000</b>

**Tilskudd fra andre**  
Ingen.

Er det tidligere søkt andre offentlig instanser om tilskudd til prosjektet/tiltaket? Nei

**Begrunnelse avslag**

**Andre opplysninger**

Vi ser på dette som eit svært godt tilbud til folk i området, og håpar at Næringsfondet vil hjelpe oss med å få igang prosjektet.

Vi har inngått intensjonsavtale med Nordvestklinikk om samlokalisering. Positivt svar og støtte frå Næringsfondet vil være avgjerande for vidare framdrift av prosjektet.

**Geografi**

1511-Vanylven, 1514-Sande, 1515-Herøy, 1516-Ulstein, 1517-Hareid

## **Vedlegg**

<b>Dokumentnavn</b>	<b>Filstørrelse</b>	<b>Dato</b>



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Formannskapet	

### VV Maskin AS - støtte frå næringsfond

#### Samandrag:

Vegard Voldsund etablerte VV Maskin i 2015. Han søker næringsfondet om midlar for å sertifisere seg som godkjent kontrollør innanfor ulike maskinar og løfteutstyr. Arbeider i dag offshore og driv noverande føretak i tillegg til dette. Han tenker framover og ynskjer å gå i land og starte / utvide verksemda.

#### Rådmannen si tilråding:

Næringsfondet yter 30 % støtte av søknadsbeløp på kr. 54 600.- til VV Maskin. Maksimal støtte frå næringsfondet vil då vere kr. 16 380.-

**Vedlegg:**

VVMaskin-innstilling frå ÅKP  
VVMaskin-søknaden

**Saksopplysningar:**

Vegard Voldsund etablerte VV Maskin i 2015. Han søker næringsfondet om midlar for å sertifisere seg som godkjent kontrollør innanfor ulike maskinar og løfteutstyr.

Arbeider i dag offshore og driv noverande føretak i tillegg til dette. Han tenker framover og ynskjer å gå i land og starte / utvide verksemda.

VV Maskin søkte i 2015 om støtte frå næringsfondet men fekk då avslag. Grunninga var at søknaden burde sendast direkte til lokalt Hoppid kontor. Søknaden vart då trekt attende.

**Vurdering og konklusjon:**

Som Robert Voldnes også skriv så er kjennskap til denne bransjen liten, og ein må satse på at søkjar kjenner marknaden godt nok til å tore å satse på dette.

Vegard Voldnes søker om støtte til ta sertifikat for å kunne utføre kontroll på truck, løfteutstyr og masseforflytningsutstyr. Han vil med disse sertifikatene også kunne halde kurs for maskinførar og truckførar.

Søknadsbeløp er kr. 54 600.- og ein vil fylgje tilråding frå Robert Voldnes og Hoppid kontoret å yte støtte til dette.

Næringsfondet yter 30 % støtte av søknadsbeløp på kr. 54 600.- Maksimal støtte frå næringsfondet vil da være kr. 16 380.-

Likestillingsmessige sider ved saka:

Konsekvensar for folkehelsa:

Miljøkonsekvensar:

Økonomiske konsekvensar:

Beredskapsmessige konsekvensar:

Konsekvensar for barn og unge:

<Verner Larsen >  
<Rådmann >

Doris Høybakk  
økonomikonsulent



# Innstilling.

Føretakets navn: VV Maskin.

Kontaktperson: Vegard Voldsund. [Ve-vol@online.no](mailto:Ve-vol@online.no)

## Støtteordning;

Kommunalt næringsfond – Ulstein kommune.

## Prosjektnamn;

«Støtte til etablering av kontrollørvirksomhet»

## Kort beskrivelse av verksemda;

Dette er ei verksemd etablert i 2015. Vegard Voldsund er også offshore og driv dette føretaket på si. I dag er det innan graving og transport.

Det framgår av søknaden og av telefonsamtale at han ser etter moglegheiter for å utvide verksemda si og gå i land og drive dette på heiltid. Då ev. og å utvide til kontrollverksemd på; masseforflytningsutstyr, truck og løfteutstyr. I tillegg til dette - halde kurs for maskinfører, truckfører og anna løfteutstyr, først i felt, so i eigne lokaler.

## Prosjektbeskriving;

Delta på kurs for sertifisering til å bli «sakkyndig kontrollør».

## Bakgrunn;

Bakgrunnen for søknaden er å dreie verksemda over i anna virksomheit.

## Prosjekt mål;

Å bli sertifisert som sakkyndig innan dei nemnte områder.

## Forankring;

Eigar driv verksemda.

## Prosjektorganisering;

Aleine.

## Marknaden;

«Beskriv marknaden og korleis føretaket skal få innpass med sitt/sine produkt».

Marknaden er dei verksemder som har utstyr som nemnt over på ytre søre. Først å gjere sertifisering i felt, men etter kvart og på eige anlegg. I tillegg selje og gjennomføre kurs innan maskinførerbevis, truckførerbevis og på løfteutstyr. Totalmarknaden er difor både bedrifter og private.



### Vurdering av marknaden;

*Realistisk marknadsvurdering og ev. størrelse på marknaden ?*

Eg har ikkje kompetanse til å vurdere marknaden for dette. Men vi veit at her er mange som har løfteutstyr og masseforflytningsutstyr som treng sertifisering. Der er og sikkert mange som vil ta kurs og sertifikat på bruk av slikt utstyr.

Vi veit og at her er andre på ytre søre som driv med dette, då aktørane må få gjort dette ein stad i dag. Vi har ikkje oversikt over kor mange dette er men må gå ut frå at søkjar har sett seg godt inn i marknaden.

### Samarbeidspartnarar;

ASAS Sertifisering AS i Sandefjord er opplyst.

### Aktivitetar;

Tre kurs er nemnt; Kontrollørkurs masseforflytningsmaskiner, kontrollørkurs Truck, kontrollørkurs løfteutstyr.

### Effekt;

Forventa effekt er at føretaket får eit nytt bein å stå på som sakkynning.

### Økonomi;

I søknaden har dei opplyst eit budsjett på 54.000.-, der ein tenker 15.600.- frå Næringsfondet og resten med egne midlar.

### Vurdering av budsjett og finansieringsplan;

*Er planen realistisk? Har selskapet økonomisk evne til å gjennomføre prosjektet?*

Der er eit relativt nystarta ENK - føretak. Eg har inga moglegheit til å anta noko anna enn at søkjar meiner at dette er rett å gjere, og at han har høve til det.

### Samla vurdering;

Mi tilråding til prosjektet er positiv.

Det er positivt at folk vurderer å gå i land og etablere verksemd i Ulstein. Søkjar meiner at her er behov for denne type verksemd og vil gjerne satse.


### Vedtak:

Eg råd til at kommunen yter satsinga eit tilskot som omsøkt.

Tilskotet vert foreslått sett til kroner 15.600.- som er 28,5 % av budsjetterte eksterne kostnader.

Dette sjølvsagt under føresetnad av at politikarane finn midlar på fondet og at det harmonerer med ytte tilskot og kommunens policy elles.

Ulsteinvik den 12.10.18.



Robert Voldnes  
Senior rådgjevar ÅKP

## Søknad - Bedriftsrettet-/etablererstøtte

**Prosjektnavn**

Søknad om støtte til kontrollørvirksomhet

**Kontaktopplysninger**

Prosjektansvarlig/ -eier: Voldsund Vegard, VV Maskin		Kontaktperson: Vegard Voldsund	
Adresse: Vikemarkhøgda 21		Postnr.: 6065	Poststed: ULSTEINVIK
Mobil: 97146282	Telefon: -	Telefon arbeid: -	
E-post: ve-vol@online.no		Bankkonto: 39911069117	
Organisasjonsnummer: 915895352			

**Prosjektinformasjon****Type virksomhet / type støttmottaker**

Godkjent sakkyndig virksomhet for årlige kontroller masseforflytningsmaskiner, truck og løfteutstyr.

**Forretningside / mål og innhold med prosjektet**

Ser føre meg bygge opp en bedrift med kontrollørtjenester masseforflytningsmaskiner, truck og løfteutstyr, og på sikt holde kurs innen maskinførerbevis, truckførerbevis og på løfteutstyr. Mener det er marked for sånt i Ulstein kommune.

I begynnelsen ser jeg føre meg bygge opp kapital gjennom årlige sakkyndige kontroller på masseforflytningsutstyr og truck i felt.

Etterhvert drive dette på heltid i egne lokaler og få ansatte gjennom min godkjente sakkyndige virksomhet, Kontrollører og kursholdere.

**Eiersammensetning / deltakere i prosjektet utover støttmottaker**

Vegard Voldsund

**Kostnadsplan og finansieringsplan****Kostnadsplan**

Tittel	SUM
01. Kontrollørkurs masseforflytningsmaskiner.	12 900
02.Kontrollørkurs truck.	10 900
03.Kontrollørkurs løfteutstyr.	15 200
Etableringsavgift sertefisering av sakkyndig virks	15 600
<b>Sum kostnad</b>	<b>54 600</b>

**Finansieringsplan**

<b>Tittel</b>	<b>SUM</b>
01.Tilskudd fra næringsfondet	15 600
02.Lån i bank	0
03.Egenkapital	39 000
04.Eget arbeid	0
05.Andre finansieringskilder	0
<b>Sum finansiering</b>	<b>54 600</b>

**Tilskudd fra andre**  
Ingen

Er det tidligere søkt andre offentlig instanser om tilskudd til prosjektet/tiltaket? Nei

**Begrunnelse avslag**

**Andre opplysninger**

Jeg vet ikke hvilken støtte næringsfondet kan bidra med men skriver opp en av postene.

**Geografi**

1516-Ulstein

### **Vedlegg**

<b>Dokumentnavn</b>	<b>Filstørrelse</b>	<b>Dato</b>
Tilbud - VV Maskin. Vegard Voldsund.pdf	34 228	29.09.2018



## Saksframlegg

--	--	--

### Brygga Sportsbar - Søknad Næringsfondet

#### Samandrag:

Etablering av Sportsbar i Ulsteinvik sentrum, vegg i vegg med Folk Spiseri. Etableringa skal gi eit unikt tilbod til alle som liker idrett, og som vil dele felles opplevingar gjennom ulike sportssendingar på storskjermar

#### Rådmannen si tilråding:

##### Tilråding frå rådmannen:

Med bakgrunn i tilråding frå Robert Voldnes og reglane for tilskot frå Møre og Romsdal fylke vil ein yte tilskot til denne nyetableringa. Formannskapet tildeler tilskot på 50 % av søknadsbeløpet på kr. 150 000.- Maksimalt tilskot vil såleis vere kr. 75 000.- til denne etableringa.

##### Framlegg frå Renathe Rossi-Kaldhol:

Formannskapet ber administrasjonen om å komme tilbake til saka i neste møte med bakgrunn i dei fylkeskommunale vilkåra som gjeld for det kommunale næringsfondet.

Formannskapet ber administrasjonen legge fram ei sak om lokale retningslinjer for kommunalt næringsfond.

##### Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen vart sett opp mot framlegget frå Rossi-Kaldhol. Framlegget frå Rossi- Kaldhol vart vedteke med 7 mot 0 røyster.

**Saksopplysningar:**

Brygga Sportsbar SUS vil starte opp eit nytt tilbod i Ulsteinvik. Initiativtakarane er lokale og breitt samansett. Målsetnaden er å skape ein ny møtestad i sentrum for alle sportsinteresserte. Sportsbaren skal ha lokal vegg i vegg med Folk spiseri og tek mål av seg å bli den nye treffstaden for sportsglade gjestar som ynskjer å sjå sport på storskjermer

**Vurdering og konklusjon:**

Det er positivt med eit breiare spekter av møtestader i Ulsteinvik og ein legg til grunn at initiativtakarane har analysert marknadspotensialet. Dette vil også truleg skape nokre arbeidsplassar. Søkjar har vore i kontakt med Robert Voldnes og Hoppld og tilråding der i frå er positiv.

Sportssendingar har med åra vorte eit kostbart gode, og tilbodet vil såleis kunne seiast å ha ein slags sosial profil sidan sendingane elles vil vere på tv-kanalar som privatpersonar må betale for heime. I søknaden går det fram at dette skal vere ein treffstad for alle som likar sport.

Etter det kommunen kjenner til tilbyr enkelte i bransjen fotball på storskjerm. Sportsbaren vil altså tilby fleire ulike sportssendingar, ikkje berre fotball.

I søknaden skriv søkjar at ein tek sikte på å bli eit naturleg samlingspunkt for firma, venneggiengar og familiar. Dei vil også tilby andre aktivitetar, t.d. shuffle board. Ein legg til grunn at konseptet kan utvikle seg over tid og potensielt kunne femne breitt.

Det er søkt om kr. 150 000.- frå næringsfondet. Med bakgrunn i tilråding frå Robert Voldnes og reglane for tilskot frå Møre og Romsdal fylke vil ein yte tilskot til denne satsinga. Det vert tilrådd å yte eit tilskot på kr. 75 000.- til denne etableringa. Det utgjør 50% av søknadsbeløp.

Kommunens næringsfond er p.t. på om lag kr 400.000,- Det er gjort nokre vedtak på tilskot gjennom året der vilkåra for utbetaling ikkje er innfridd eller at prosjekta er forseinka. Det er etter rådmannens vurdering dekning for vedtak som tilrådd i denne saka.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Konsekvensar for folkehelsa:

Miljøkonsekvensar:

Økonomiske konsekvensar:

Beredskapsmessige konsekvensar:

Konsekvensar for barn og unge:

<Skriv inn namn på den som tilrår>

<Skriv inn tittel på den som tilrår>

Doris Høybakk

økonomikonsulent



# Innstilling.

Føretakets namn: Sportsbar i Ulsteinvik.

Kontaktperson: Geir Sundal; [geir.sundal@live.no](mailto:geir.sundal@live.no)

## Støtteordning;

Kommunalt næringsfond – Ulstein kommune.

## Prosjektnamn;

**Støtte til utvikling av Sportsbar, ein møtestad for alle.**

## Kort beskrivelse av verksemda;

Verksemda er under etablering med følgande partar; Geir Sundal, Ingrid Margrete Ulstein, Thor Erik Andersen, Michael Dahl, alle Ulsteinvik.

## Prosjektbeskriving;

Prosjektet går ut på prosjektering, marknadsføring/profilering, inventar og utstyr.

## Bakgrunn;

Bakgrunnen for søknaden er at partane vil etablere ein ny treffstad i Ulsteinvik, ein Sportsbar.

Etableringa er planlagt vegg i vegg med Folk Spiseri, og vi ser at eigarar der er med og i denne satsinga. Målet er å skape eit spanande miljø der idrettsgleda og sosialt samvær er i fokus.

## Prosjekt mål;

Å realisere Sportsbar i Ulsteinvik sentrum, ein ny treffstad med eit unikt tilbod inn mot sport på store skjermar. Sportshendingar som dei vil syne vil og vere dyre «betalings TV-sendingar». Det betyr at svært mange ikkje har sjølv råd til å ha dette heime. Her er heller ingen andre som i nærleiken vil ha eit slikt tilbod vert det opplyst. Sosial profil på tiltaket her altså.

## Forankring;

Eigarane driv verksemda.

## Prosjektorganisering;

Geir Sundal er prosjektleiar og kontaktperson. Kjend person frå Hødd-miljøet.

## Marknaden;

*«Beskriv marknaden og korleis føretaket skal få innpass med sitt/sine produkt».*

Marknaden deira er folk frå ytre søre som i lag med andre vil oppleve fotball, eller store turneringar som går året rundt- i lag med andre. Målet er at dette skal vere ein stad både for yngre og eldre, ein samlingsstad. Det kan og vere ein aktuell arena for firma, vennegjengar eller familier vert det opplyst. I tillegg til Sportssendingar på store skjermar, vil dei og tilby andre ting td. Shuffleboard.



### **Vurdering av marknaden;**

*Realistisk marknadsvurdering og ev. størrelse på marknaden ?*

Det er uråd for meg å vurdere dette. Men vi veit at det er mange som er interesserte i sportshendingar, og dette tilbudet er nytt og vil nok trekke folk. Der vert enkel matservering som vil utfylje Folk Spiseri sin meny.

### **Samarbeidspartnarar;**

Folk Spiseri er opplyst.

### **Aktivitetar;**

Bruk av konsulentar på diverse må påreknast framover, marknadsføringsaktivitetar og konkret kjøpe inn og montere utstyr.

### **Effekt;**

Ein moderne Sportsbar i Ulsteinvik med det ein kan forvente av tilbod.

### **Økonomi;**

I søknaden har dei opplyst eit investeringsbudsjett på 850.000.- , der ein tenker 150.000.- frå Næringsfondet og resten med eigne midlar (200.000) , lån (400.000.-) og eige arbeid (100.000.-). Der er ikkje lagt ved noko budsjett for drifta, anna enn at dei opplyser at det ikkje er lov å ta inngangspengar og at rettar for offentlig visning vil ligge på kring 350.000.- Det betyr at det er på mat og drikke dei får inntektene sine. Besøk av firma og vennegjengar vil nok og kunne spe på med inntekter.

### **Vurdering av budsjett og finansieringsplan;**

*Er planen realistisk? Har selskapet økonomisk evne til å gjennomføre prosjektet?*

Ein må gå ut i frå at etablerarane har kalkulert dette nøye sidan dei er viljuge til å satse. Det er elles ressurssterke personar med gode nettverk bak etableringa. Vi må difor gå ut frå at dei har vurdert marknaden og korleis dei skal få drifta til å gå rundt.

### **Samla vurdering;**

Mi tilråding til prosjektet er positiv.

Det er positivt at folk vil satse på nye ting. Eit slik konsept har ikkje Ulsteinvik frå før. Samarbeidet og so og seie samlokalisering med Folk Spiseri er og positivt. Det er lagt opp til ein sosial profil på tilbudet til folk i alle aldrar og sosial status og kultur.

### **Vedtak:**

Eg rår til at kommunen yter satsinga eit tilskot.

Dei har søkt om 150.000.-

Eg er kjend med at der er lite midlar att på fondet, slik at dette beløpet nok ikkje er mogleg å kome i møte. Eg legg difor ballen over til rådmannen for å sjå kva som er att av midlar og samstundes skjelar litt til kva som før er ytt til slike etableringar.



Dette sjølvsgagt under føresetnad av at politikarane finn midlar på fondet og at det harmonerer med ytte tilskot og kommunens policy elles.

Ulsteinvik den 18.10.18.

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'Robert Voldnes', written over a large, stylized blue circular mark.

Robert Voldnes  
Senior rådgjevar ÅKP



## Søknad - Bedriftsrettet-/etablererstøtte

**Prosjektnavn**

Støtte om utvikling av Sportsbar, eit møtested for alle

**Kontaktopplysninger**

Prosjektansvarlig/ -eier: Brygga Sportsbar AS		Kontaktperson: Geir Sundal	
Adresse: Gamlevegen 77		Postnr.: 6065	Poststed: ULSTEINVIK
Mobil: 901 77652	Telefon: -	Telefon arbeid: 901 77652	
E-post: geir.sundal@live.no		Bankkonto: 39910919818	
Organisasjonsnummer: 921400551			

**Prosjektinformasjon**

Type virksomhet / type støttlemottaker

Sportsbar

**Forretningside / mål og innhold med prosjektet**

Vi ønsker å skape og tilby våre kunder, mulighet til å samles i god sportsånd å dele idretts glede og aktiviteter, gode diskusjoner og felles opplevelse. Vi ønsker å være et naturlig samlingssted for firma, vennegjenger, familier osv. Dette skal være ett sted for alle. Vi vil også ha ulike aktiviteter bl.a Shuffle-board.

**Eiersammensetning / deltakere i prosjektet utover støttlemottaker**

Geir Sundal, Gamlevegen 77, 6065 Ulsteinvik

Ingrid Margrethe Ulstein, 6065 Ulsteinvik

Thor Erik Andersen, 6065 Ulsteinvik

Michael Dahl, 6065 Ulsteinvik

**Kostnadsplan og finansieringsplan****Kostnadsplan**

Tittel	SUM
01.Prosjektkostnader	80 000
02.Markedsføring og profilering	100 000
03.Inventar og utstyr for konseptet	670 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>850 000</b>

**Finansieringsplan**

Tittel	SUM
01.Tilskudd fra næringsfondet	150 000

02.Lån i bank	400 000
03.Egenkapital	200 000
04.Eget arbeid	100 000
05.Andre finansieringskilder	0
<b>Sum finansiering</b>	<b>850 000</b>

**Tilskudd fra andre**  
ingen

Er det tidligere søkt andre offentlig instanser om tilskudd til prosjektet/tiltaket? Nei

**Begrunnelse avslag**

**Andre opplysninger**

Å starte sportsbar koster. Offentlig visning og det å ha rettigheter vil ha en årlig kostnad på rundt 350.000,- Vi har ikke lov å ta noen form for inngangspenger, slik at tilbudet vi gir er tilgjengelig for alle, fattig som rik. Vi ser på dette som ett konsept der inkludering vil være en naturlig del i vår by, og ulike kulturer og miljø vil kunne møtes og ha felles gleder over all den fine sport som vises kvar dag året igjennom. Dette skal være ett sted for alle!!

**Geografi**

1516-Ulstein

## Vedlegg

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato